

Vedtekter for Vestnes Sogelag

Vedtatt av årsmøtet den 4. mars 1998.¹

§ 1 FORMÅL

Vestnes Sogelag har til formål å vekkje interesse for, og ta vare på kunnskap om fortida i Kommunen. Laget skal aktivt arbeide for at lokalhistoria vår blir gjort kjent for flest mulig av kommunen sine innbyggjarar, også dei yngre generasjonane.

§ 2 MEDLEMSKAP

Vestnes Sogelag er ope for alle. Ein kan bli medlem i laget og ha personleg stemmerett ved å betale den fastsette kontingensten.

§ 3 ÅRSMØTET

Årsmøtet, som er laget sitt øvste organ, skal haldast kvart år, innan utgangen av mars månad. Innkalling skal kunngjera i lokale media og/eller i brev til medlemmene seinast 14 dagar før møtet. Innkomne forslag som skal leggast fram for årsmøtet, må vere styret i hende seinast 2 veker før årsmøtedato. Endring av vedtekter krev 2/3 fleirtal i årsmøtet. I andre saker er det framlegg vedteke som får flest stemmer. Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret eller når minst 1/3 av medlemmene krev det.

§ 4 SAKER TIL ÅRSMØTET

Årsmøtet skal behandle:

- Årsmelding og revidert rekneskap
- Val av styreleiar for komande år
- Val av styremedlemmer
- Val av medlemmer til ein redaksjonskomité for årsskrivet som konstituerer seg sjølv med kontaktperson(ar) til styret
- Val av medlemmer til ei fotogruppe som konstituerer seg sjølv med kontaktperson(ar) til styret
- Val av valnemnd
- Val av revisorar
- Fastsetting av kontingent
- Godkjenne budsjett/plan for komande år
- Andre saker som forpliktar laget for meir enn eitt år, som medlemskap i nasjonale eller landsdekkande organisasjoner

§ 5 STYRET

Vestnes Sogelag skal ha eit styre på 3-5 personar som har ansvar for drifta og økonomien i laget.

Styreleiar vert valt for eitt år. 2-4 styremedlemmer vert valt for ein periode på 2 år slik at 2 styremedlemmer er på val kvart år. Eventuelt gjennom loddtrekning.

Styret vel sjølv nestleiar, sekretær og kasserar/forretningsførar som kan veljast utanom styret.

Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer er tilstades.

Det skal førast møtebok for årsmøte og styremøte.

¹ Oppdatert 15.02.2014. Seinare oppdatert i årsmøtet 19.03.2020, 26.08.2021 og 23.03.2023.

§ 6 REDAKSJONSKOMITE FOR ÅRSSKRIFT

Vestnes Sogelag skal om muleg gi ut eit årsskrift kvart år. Dette arbeidet vert styrt av eit eige skriftstyre på minst 3 medlemmer, valt av årsmøtet. Eitt av tre redaksjonsmedlemmer vert valt inn for to år. To redaksjonsmedlemmer vert valt inn for eitt år. Skriftstyret har det redaksjonelle ansvar for årsskriftet og konstituerer seg sjølv. Skriftstyret skal medvirke til at innsamla materiale vert arkivert på ein trygg og hensiktsmessig måte. Vald kontaktperson i skriftstyret har møte- og stemmerett i styresaker som vedkjem skriftstyret.

§ 7 ANDRE NEMNDAR

Årsmøtet og styret kan velje andre nemnder etter behov.

- a) *Fotogruppe.* Årsmøtet skal oppnemne medlemmer til ei fotogruppe. Denne gruppa skal ha som formål å samle inn, avfotografere og ta vare på gamle fotografi frå Vestnes kommune, herunder også innhenting av opplysningar om desse. Fotogruppa skal vere ansvarleg for sikker oppbevaring og tilgang til dette materialet, i samråd med styret,. Dersom årsmøtet ikkje bestemmer noko anna, skal fotogruppa ha minst 3 medlemmer som konstituerer seg sjølv. Vald kontaktperson i fotogruppa har møte- og stemmerett i styresaker som vedkjem fotogruppa.
- b) *Valnemnd.* Årsmøtet skal oppnemne ei valnemnd som skal førebu vala som årsmøtet skal gjennomføre.

§ 8 ANDRE OPPGÅVER

Vestnes Sogelag skal arbeide aktivt for å samle inn lokalhistorisk stoff, også stoff som ikkje skal nyttast i årsskrift. Stoffet må arkiverast på hensiktsmessig og trygg måte.

§ 9 OPPLØYSING

Vedtak om oppløysing av laget kan berre fattast dersom 2/3 av medlemmene røystar for dette ved første gangs årsmøtebehandling. Dersom meir enn 2/3 av årsmøtedeltakarane stemmer for, men dette er mindre enn 2/3 av medlemmene, må saka takast opp til ny handsaming på nytt årsmøte. Ved 2. gangs handsaming er det nok at 2/3 av årsmøtedeltakarane stemmer for oppløysing. Ved oppløysing skal midlar og aktiva som laget rår over, takast vare på av ei eiga nemnd etter retningslinjer gitt av årsmøtet som vedtek oppløysinga.